



› Flyktingtenesta og introduksjonsprogrammet

Giske kommune vedtok i Hanslings- og økonomiplan 2023 å ta i mot 15 nye flyktingar. Grunna auka behov for mottak av flyktingar gjorde Giske kommune nytt vedtak å ta i mot 50 nye flyktingar i 2023. Flyktingtenesta hadde 2,5 årsverk og fekk tilført ila året ytleger 1 årsverk for å klare å følgje opp oppgåvene.

2023 har vore eit svært krevjande år for flyktingtenesta. Kommunen tok imot 49 flyktingar i 2022 og 43 nye flyktingar i 2023. Kommunen har ikkje tilstrekkeleg kapasitet på kommunale bustadar. Dei fleste av flyktingane har inngått private leigeavtalar. Tilsette rapporterer om ein stadig meir utfordrande leigemarknad på grunn av det høge talet på flyktingar som kjem samtidig. På grunn av krigen i Ukraina er det venta ein auke i etterspurnaden etter kommunale tenester i tida som kjem. Giske kommune har vedtatt mottak av inntil 65 nye flyktingar i 2024. Flyktingtenesta samarbeider tett med fleire tenester både i kommunen, NAV, legesenteret og vaksenopplæringa.